

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

12.12.2013

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag, den 18. desember 2013 kl. 14.00
i formannskapsalen**

SAKLISTE:

- | | |
|-----|--|
| Sak | 33/13 - Godkjenning av møtebok frå møte 3. oktober 2013 |
| « | 34/13 - Underskotssituasjonen i forpliktande plan og tertialrapport nr. 2 2013 (Må bli ettersendt) |
| « | 35/13 - Årsbudsjettet – Sykkylven kommune 2014 – Høyringssvar frå fylkesmannen |
| « | 36/13 - Vedkomande forvaltningsrevisjon, helse- og miljøtenesta |
| « | 37/13 - Drøfting av status derivatkontraktar
Eventuelt |

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 3. oktober 2013, kl.14.00

Møtestad: Blåsalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald og Anita Søvik

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiар Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen i sak 32/13.
Frå Sykkylven kommune møtte økonomisjef Arild Bergstrøm i sak 30/13.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 28/13

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 11. SEPTEMBER 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 11. september 2013 blir godkjent.

SAK 29/13

STATUS I SAK OM DERIVATKONTRAKTAR MELLOM SYKKYLVEN KOMMUNE OG NORDEA BANK AS

Det vart gjort ei oppsummering over status og dei utfordringane som ligg i saka i tida som kjem.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet følgjer saka tett.

SAK 30/13

OM REKNESKAPSRAPPORT 2. TERTIAL 2013

Økonomisjef Arild Bergstrøm orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen kome tilbake til kontrollutvalet med ei skriftleg utgreiing av sentrale problemstillingar vedkomande underskotssituasjonen i forpliktande plan og tertialrapport nr. 2, 2013.

SAK 31/13**INNKOMNE FORESPØRSLAR TIL KONTROLLUTVALET**

Forespørslane vart referert i møtet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Når det gjeld spørsmål om midlar til leikeplass og veg ved Sørestranda skule, vil kontrollutvalet kome tilbake med spørsmål til rådmannen i neste møte. Dokumentet frå Mørelaft om merknad til reguleringsplan blir ikkje behandla.

SAK 32/13**OM EIGARKAPSMELDING SYKKYLVEN KOMMUNE**

(Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det blir vist til omtalen av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS i eigarskapsmeldinga til Sykkylven kommune. Kontrollutvalet reagerer kraftig på både språkbruk, innhald og rolleforståing i eigarskapsmeldinga sin omtale av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS.

Kontrollutvalsekretariatet er kontrollutvalet sin viktigaste samarbeidspartner. Samspelet mellom kommunestyret og kontrollutvalet tilseier at sekretariatet er organisert slik som kontrollutvalet og kommunestyret til eikvar tid finn det tenleg, på same måte som kontrollutvalet etter kommunelova og kontrollutvalforskrifta er det einaste organet som kan gi innstilling til kommunestyret om organisering m.v. av revisjonen. Det følgjer av kontrollutvalforskrifta §20 at det er det sekretariatbehovet som utvalet til eikvar tid meiner å ha som skal tilfredsstilla. Rådmannen har på utvalet sitt felt ingen instruksjonsmynde, heller ikkje overfor kontrollutvalet sitt sekretariat. Rådmannen, som tvertimot er underlagt kontrollutvalets tilsyn og kontroll, må ikkje påta seg kontrollutvalet si rolle i slike saker.

Meldinga inneheld også to faktaopplysningar. Begge desse er feilaktige.

Med bakgrunn i dette vedtaket blir saka førelagt kommunestyret med slik

innstilling:

Den delen av eigarskapsmeldinga som omhandlar Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat blir trekt.

Odd Jostein Drotninghaug leiar (sign.)	Sigmund Valbø medlem (sign.)	Grethe Melseth medlem (sign.)	Ole Bjørn Roald medlem (sign.)	Anita Søvik medlem (sign.)
--	------------------------------------	-------------------------------------	--------------------------------------	----------------------------------

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 13.12.2013

**SAK 35/13
SYKKYLVEN KOMMUNE – ÅRSBUDSJETT 2014 – HØYRINGSSVAR FRÅ
FYLKESMANNEN**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 02.12.2013

Fylkesmannen påpeikar at 2014 kan bli det sjette året på rad med underskot for kommunen. I brevet blir det nemnt at det i 2014 er budsjettet med inndekning av tidlegare underskot med 2,5 millionar kroner. I 2013 budsjettet kommunen med 7,5 mill. kroner til same føremål.

Av forpliktande plan for 2014 er det også oppført ei underskotsdekking på 7,5 mill. kroner. Det er soleis ikkje samsvar mellom budsjett for 2014 og forpliktande plan for same år. Det går også fram av brevet at når kommunen har lite bufferar, so er budsjettet sårbart for meirforbruk og det er risiko for at budsjettet inndekking av underskot blir stroke.

Avslutningsvis kjem følgjande fram av brevet:

Kommunestyret må vere budd på å ta i bruk naudsynte virkemiddel for å vinne att økonomisk balanse. Kommunen si evne og vilje til å kome i økonomisk balanse vil vere eit sentralt element i seinare vurderingar når det gjeld lånepoptak og tildeling av skjønnsmidlar knytt til forpliktande plan.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet vil ha saka til observasjon.

Harald Rogne
dagleg leiar



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandler, innvalstelefon

Rådgivar Martin Gjendem Mortensen, 71 25 84 40

Vår dato
02.12.2013
Dykkar dato

Vår ref.
2013/7947/MAMO/
Dykkar ref.

Sykkylven kommune

6230 Sykkylven

Sykkylven kommune – Årsbudsjett 2014

Vi viser til innstilling om årsbudsjett vedteke i formannskapet 25. november. Vi ønskjer å gi eit høyringssvar til kommunen på budsjettinnstillinga som er lagt ut til alminneleg ettersyn.

Utfordringar for kommuneøkonomien

På makronivå står kommuneøkonomien oppe i eller ovanfor mange utfordringar framover:

- Lågare inntekter frå skatt og rammetilskot som følgje av uro i internasjonal økonomi
- Høg gjeld og lågt rentenivå gir høgare utgifter om renta stig
- Pensjonskostnadene kan auke om situasjonen med låg rente og høg lønsvekst held fram. Det kjem også endringar i rekneskapsføringa av pensjon som kan gi høgare rekneskapsførte utgifter enn før.
- MVA-kompensasjonen frå investeringar kan ikkje lenger nyttast til driftsføremål

Alt dette talar for at kommunane ikkje kan nytte like mykje til driftsføremål i åra framover som dei har gjort i seinare åra. Om dei faktorane nemnt over slår til, må kommunane redusere utgiftene eller auke inntektene for å opprethalde økonomisk balanse. Kommunar i Robek, som i tillegg må dekke inn tidlegare års underskott, har enda tøffare krav på seg for å vinne att økonomisk balanse.

Kort om den økonomiske situasjonen i Sykkylven kommune

Sykkylven kommune vart meldt inn i Robek i 2010 grunna at kommunen vedtok å dekke inn tidlegare års underskott over fleire enn to år. Utviklinga sidan innmeldinga viser at kommunen har betra netto driftsresultat. Det skuldast i stor grad at kommunen har styrka brutto driftsresultat, eller overskottet frå drifta. Likevel har kommunen opparbeida eit samla underskott som ved inngangen til 2013 var på om lag 37,6 millionar kroner, mykje grunna rekneskapsføring av finanzielle instrument.

Kommunen rapporterte på forpliktande plan at den økonomiske utviklinga i år tilseier at kommunen ikkje vil klare å dekke inn tidlegare års underskott. Kommunen vil difor heller ikkje få utbetalt 500 000 kr i skjønnsmidlar knytt til forpliktande plan. Vi konstaterer førebels at dette kan bli sjette året på rad med underskott for kommunen, og at kommunen må nok ein gang søkje om forlenga inndeckningstid på underskotta sine.

Budsjettinnstillinga frå formannskapet

Kommunen budsjetterer med inndeckning av tidlegare års underskot med 2,5 millionar kroner. I 2013 budsjetterte kommunen med inndeckning på 7,5 millionar kroner. Vi ønskjer at kommunen blir meir ambisiøs når det gjeld inndeckningsplana. Det gjeld òg når det kjem til den nye søknaden om forlenga inndeckningstid.

Kommunen har ikkje nemneverdige bufferar som kan dekke opp for uventa utgifter gjennom budsjettåret. Det gjer at budsjettet er sårbart for meirforbruk, og at det er risiko for at budsjettet inndeckning av underskot vert stroke. Med bakteppe i dei generelle utfordringane for kommuneøkonomien framover og utviklinga i kommuneøkonomien i Sykkylven kommune, er det klart at det er mange økonomiske utfordringar framover som må løysast. Budsjettinnstillinga frå formannskapet legger opp til eit netto driftsresultat på 0,5 pst av driftsinntektene, eller om lag 2,3 millionar kroner. Om kommunen skal ha eit netto driftsresultat i tråd med den nasjonale tilrådinga på 3 %, utgjer det om lag 13,6 millionar kroner.

Vi har tidlegare gitt signal om at så lenge Sykkylven kommune er i Robek, vil vi ikkje godkjenne låneopptak som er høgare enn avdraga. Det gjeld så lenge kommunen har eit overskott frå drifta som er stort nok til å betale renter og avdrag samt pliktige avsetningar, herunder inndeckning av underskott.

Vi oppmodar kommunen om å prioritere inndeckning av underskott slik at kommunen blir meldt ut av Robek. Slik vi tolkar den økonomiske situasjonen i Sykkylven, er det framleis naudsynt med utgiftsreduserande eller inntektsaukande tiltak over dei neste åra for at kommunen skal få ein bærekraftig økonomi i tråd med kommunen sine eigne mål.

Kommunestyret må då vere budd på å ta i bruk naudsynte virkemiddel for å vinne att økonomisk balanse. Kommunen si evne og vilje til å kome i økonomisk balanse vil vere eit sentralt element i seinare vurderingar når det gjeld låneopptak og tildeling av skjønnsmidlar knytt til forpliktande plan.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Martin Gjendem Mortensen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi
Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 i Møre og Postboks 7734 Spjelkavik 6022 ÅLESUND
Romsdal

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 13.12.2013

**SAK 36/13
HELSE- OG MILJØTENESTA, FORVALTNINGSREVISJON**

Plan for forvaltningsrevisjon i Sykkylven kommune inneholder tre prosjekter:

1. Helse- og miljøtenesta
2. Sakshandsaming byggjesaker
3. IKT - internkontroll

Etter anbefaling fra rådmannen og at rapporten skulle omfatte eventuelle endringar i tenesta, bestemte kontrollutvalet seg for ikkje starte opp arbeidet med prosjektet før hausten 2013. Eg ser det slik at det no kan vere greitt å få avklart med kontrollutvalet i samråd med kommunerevisjonen når arbeidet skal starte opp.

Harald Rogne
dagleg leiar